

# DEN NORSKE KYRKJA

## MØTEBOK

**Tysdag den 5.mars kl. 18.00 – 19.45 holdt Fellesrådet møte i Sveio Soknehus**

Møte var kalla inn ved e-post til medlemmene 28.02.2019

**Følgjande medlemmer/vara medlemmar møtte;** Kjell Gunnar Nymark, Ragnhild Lysen, Hildur Larsen, Tor Helge Hardeland, Bent Rune Sinnes, , Eirik Eriksen og Arild Steinsland

**Forfall frå;** Astrid Farestveit Gane

**Merknader til innkallinga;** Nei

**Merknader til saklista;** Nei

Tekst for dagen ved Arild Steinsland

**Til stades frå administrasjonen;** Kyrkjeverje Ottar Krakk

Sakliste og dei vedtak som er gjort er protokollert nedanfor:

**Sak 1/2019 Godkjenning av referat og innkalling**  
**Informasjon og skriv**

**Sak 02/2019 Møteplan vår 2019**

**Sak 03/2019 Årsmelding 2018**

**Sak 04/2019 Rekneskap 2018**


**Sak 05/2019 Delegasjonsreglement/økonomireglement**

**Sak 06/2019 Ulike personalordningar; telefon, oppmøte, påskjønningar, seniorpolitikk, lokal lønspolitikk mv**

**Sak 07/2019 Måldokument for kyrkja i Sveio**

Sveio, 06.03.2019

sign  
Bent Rune Sinnes  
Leiar



Ottar Krakk  
Kyrkjeverje

Signering av protokoll:

Kjell Gunnar Nymark

Eirik Eriksen

**SVEIO FELLESRÅD      SAKSPAPIR**

| Styre, råd, utval m.m. | Møtedato   | Saksnr           | Sbh. |
|------------------------|------------|------------------|------|
| Fellesrådet            | 05.03.2019 | Fel .    01/2019 | OK   |
| Sbh: Ottar Krakk       | Arkiv:     |                  |      |

**Sak 01/2019 Godkjenning av referat og innkalling**

Referat og innkalling vart godkjent

**Informasjon og skriv:**

**Badeanlegg – Reguleringsplan er vedtatt**  
**Leasingbil – Kjøp gjennomført for 166000,-**  
**Førde kyrkje – varmepumpe – Godkjenning frå biskopen**

**SVEIO FELLESRÅD      SAKSPAPIR**

| Styre, råd, utval m.m. | Møtedato   | Saksnr           | Sbh. |
|------------------------|------------|------------------|------|
| Fellesrådet            | 05.03.2019 | Fel .    02/2019 | OK   |
| Sbh: Ottar Krakk       | Arkiv:     |                  |      |

**Sak 02/2019 Møteplan**

Det bør setjast opp 1-2 møter våren 2019.

Framlegg til dato vert lagt fram i møte.

**Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:**

Det vert møte i Fellesrådet følgjande datoar;

**Drøfting i Fellesrådet:**

Det bør vera tilstrekkeleg med eit møte til i vår.

**Fellesrådet sitt vedtak:**

Leiar og kyrkjeverje kjem med framlegg til møtedato på eit seinare tidspunkt.

**SVEIO FELLESRÅD****SAKSPAPIR**

| Styre, råd, utval m.m. | Møtedato   | Saksnr        | Sbh. |
|------------------------|------------|---------------|------|
| Fellesrådet            | 05.03.2019 | Fel . 03/2019 | OK   |
| Sbh: Ottar Krakk       | Arkiv:     |               |      |

**Sak 03/2019 Årsmelding 2018**

Framlegg til årsmelding for driftsåret 2018 ligg nå føre. Kyrkjeverja legg den fram for Fellesrådet til vurdering og vedtak. I årsmeldinga er det tatt med nokre hovudpunkter for arbeidet som er utført i året som har gått.

**Dokument i saka;**

- Årsmelding 2018

**Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:**

Alt 1; Fellesrådet vedtek «Årsmelding 2018» for Sveio Kyrkjelege Fellesråd

Alt 2; Fellesrådet vedtek «Årsmelding 2018» for Sveio Kyrkjelege Fellesråd med følgjande endringar:

**Fellesrådet sitt vedtak:**

Fellesrådet vedtek «Årsmelding 2018» for Sveio Kyrkjelege Fellesråd

**SVEIO FELLESRÅD                      SAKSPAPIR**

| Styre, råd, utval m.m. | Møtedato   | Saksnr           | Sbh. |
|------------------------|------------|------------------|------|
| Fellesrådet            | 05.03.2019 | Fel .    04/2019 | OK   |
| Sbh: Ottar Krakk       | Arkiv:     |                  |      |

**Sak 04/2019 Rekneskap 2018**

Rekneskap for Sveio Kyrkjelege Fellesråd for 2018 ligg nå føre. Rekneskapet er ikkje revidert og vil bli sendt til revisjon etter behandling i Fellesrådet.

Rekneskapet kjem til slutt ut med eit overskot på kr 146004,- Det er positivt med eit lite overskot, sjølv om det er rimeleg marginalt. Det utgjer omlag 2,5% av eit budsjett på 5,8 millionar.

Lønnsrelaterte utgifter utgjer omlag 3,77 millionar. Dette utgjer like i underkant av 2/3 deler av budsjettet. Andre større utgifter er straum, forsikring og kommunale avgifter til kyrkjebygga. Det utadretta arbeidet innanfor trusopplæring, konfirmantarbeid og barnekor medfører og utgifter til materiell, mat mv. Drift av gravplassar medfører og utgifter til bil og utstyr for drift av gravplassar.

Eg vil nedanfor gå inn på det enkelte ansvarsområde:

**57100 – Administrasjon**

Her har me eit underforbruk på kr. 175000,- i forhold til budsjett. Hovudbilde her er at det i forhold til budsjett har vore mindre utbetalingar til Folkevalte, lågare utgifter til KLP/arbeidsgivaravgift samt at me ikkje har hatt behov for å nytta reserverte løysingar.

**57200- Drift kyrkjer**

Her har me hatt eit meirforbruk på nærare 100.000,- Hovudårsaken til dette er at me har hatt straumutgifter som vart 79000,- høgare enn budsjettet. Lønnsutgiftene har og vore noko høgare enn budsjettet, jf. at me har hatt kyrkjetenar i 50% i staden for som budsjettet 35% stilling dette året. Kyrkjetenar har og gjort noko arbeid på gravplassområdet. Utgiftene kjem imidlertid under dette ansvarsområdet.

**57210 – Valestrand Kulturkyrkje**

Underskotet på omlag kr 20000,- heng i stor grad saman med mindre inntekter på arrangementa enn budsjettet. Her er det eit eige fond som dekkjar underskotet.

**57300 Drift kyrkjegardar**

Her er det eit mindreforbruk på omlag kr 88000,- Hovudårsaken her er noko mindre lønsrelaterte utgifter, jf. at ein nytta kyrkjetenar og til arbeid på gravplassane. I tillegg har det blitt noko mindre utgifter til KLP og arbeidsgivaravgift enn budsjettet.

#### **57410 Diakoni**

Her kom me ut med eit mindreforbruk på kr 19368,- Dette førelår eg å setja av til eit nyoppretta diakonifond. Hovudårsak til at det vert midlar til å setja av til fond er litt mindre utgifter samt at eit offer som vart tatt opp i slutten av 2017 er kome inn i rekneskapen for 2018.

#### **57420 Trusopplæring**

Her går rekneskapen omtrent ut i balanse. Eit lite beløp på kr 7694,- vert sett av til fond. Me legg merke til at me bør budsjettera med noko høgare utgifter til mat mv. Me legg og merke til at offera har vore noko høgare enn budsjettert medan inntektene frå basaren har gått ned frå 2017.

#### **57430 Konfirmantarbeid**

I 2018 kjem me her ut med eit underskot som må tas av fond. At me dette året må ta kr 46979,- frå disposisjonsfond må me sjå saman med at nokre inntekter har blitt skjøve over til 2019. Vidare kan det ha slått ut at det er utgifter til Milk og Liv kurs som er ført på dette kapitlet. I 2017 hadde me eit lite mindreforbruk(overskot) på dette ansvarsområde. Me må sjå dette over litt lenger tid før me konkluderer her.

#### **57440 Kyrkjemusikk**

Her er eit lite mindreforbruk på kr 12640,- som vert sett av til fond. Bakgrunnen er blant anna eit offer som vart tatt opp i slutten av 2017 som er inntektsført i 2018.

#### **57450 Barnekor**

Bakgrunnen til meirforbruket er i hovudsak utgifter som gjaldt 2017, men som vart betalt ut tidleg i 2018. I 2017 gjekk dette ansvarsområdet med eit tilsvarende mindreforbruk. Meirforbruket på kr 23551,- vert dekkja inn ved bruk av fond.

#### **Investering**

Det er ikkje gjort investeringar i Fellesrådet sin regi i 2018. Det som er gjort av investeringar er ført i kommunen sin rekneskap og kjem fram som tenesteyting frå kommunen.

#### **Disponible midlar**

Sveio kyrkjelege Fellesråd har midlar ståande på fond. Midlane er delvis bundne til spesielle føremål. Det er sett på som føremålstenleg at ulike føremål har anledning til å spara opp litt midlar nokre år og heller bruka litt meir eit anna år. Det er relativt små beløp det her er snakk om, jf. det som er nemnd ovanfor.

Fellesrådet har i tillegg eit disposisjonsfond som har same føremål. Me kan nytta dette dersom me eit år kjem ut med eit underskot. Det er i tillegg vedtatt i sak 23/2018 å kunna nytta inntil kr 173000,- av disposisjonsfondet til å kjøpa inn leasingbilen. Kjøpet vart gjennomført for kr 166000,- og dette beløpet vil redusera fond nr. 23657010 til omlag kr 150000,-

Vi har vidare eit vedlikehaldsfond på kr 734030,- Av dette er kr. 519000,- sett av til maling av Sveio kyrkje, jf. midlar som vart sett av i revidert budsjett for Sveio kommune 2018.

Det er vidare i 2017 mottatt ei gåve til rehabilitering av Førde kyrkje i 2017. Beløpet på kr 370.000,- er sett av til dette føremålet. I 2018 fekk me og ei gåve frå Sparebankstiftelsen på kr 50.000,- til nytt lysanlegg i Sveio kyrkje. Desse vil bli nytta i 2019.

### Disponering av overskot 2018

Bruk/avsetning til ulike spesifikke fond:

| Ansvarsområde                 | Bruk av fond | Sett av til fond |
|-------------------------------|--------------|------------------|
| 57210 Valestrand Kulturkyrkje | 20278,-      |                  |
| 57410 Diakoni                 |              | 19368,-          |
| 57420 Trusopplæring           |              | 7698,-           |
| 57430 Konfirmantarbeid        | 46979,-      |                  |
| 57440 Kyrkjemusikk            |              | 12640,-          |
| 57450 Barnekor                | 23551,-      |                  |
| Totalt;                       | 90808,-      | 39706,-          |

Det skal vidare setjast av kr 19824,- til eigenkapitalsinnskott i KLP.

Vi står då igjen med eit overskot på kr 146004,- som fellesrådet må ta stilling til korleis det skal disponerast.

### Vurdering:

Kyrkjeverja vurderer resultatet som tilfredstillande. Samtidig er det eit heilt marginalt beløp av ein omsetnad på omlag 5,8 million. At me kjem ut med eit overskot har sin bakgrunn i at dei tilsette har halde seg til budsjett samt at me heller ikkje har fått store ekstraordinære utgifter ut over det som er nemnt ovanfor.

Det at me har noko midlar ståande på fond har gjort det mulig å ta på seg ekstraordinære utgifter som t.d. kjøp av leasingbilen. Det er derfor viktig å byggja opp fondet noko igjen for å kunna møte framtidige utfordringar. Kyrkjeverja vil derfor tilrå at me set av størstedelen av overskotet til disposisjonsfondet.

Ein av dei viktigaste faktorane for å lukkast i arbeidet er imidlertid ein stab som arbeidar godt, både kvar for seg og saman. Dei tilsette har ved nokre høve siste åra gjennomført eit stabsarrangement i form av ein stabstur med overnatting nokre netter. Kyrkjeverja ser at dette har vore ein viktig investering i dei tilsette og vil tilrå at Fellesrådet set av midlar til delfinansiering av eit nytt slikt arrangement hausten 2019. Me vil i tillegg søkjar ekstern finansiering gjennom KA.

Fellesrådet har sidan opning av soknehuset i 2016 hatt store deler av aktiviteten som er retta mot barn og unge i desse lokala. Særleg har ungdomslokalet blitt nytta til mange typar aktivitet både i



Fellesrådet sin regi, annan aktivitet samt utleige. Me har sett at her er det litt utfordringar for sambruken, jf. blant anna lys og lydutstyr, instrumenter etc. Ved å få henga lysutstyr i taket samt løfta musikkinstrumenter etc opp på ein ny scene vil ein kunne få til betre og tryggare sambruk av dette rommet. Det er ukjent kva dette vil kosta, men soknehuset sjølv har avgrensa med midlar. Ut frå det fakta at Fellesrådet sine aktivitetar i stor grad og nyttar soknehuset vil kyrkjeverja tilrå at me set av eit mindre beløp til utbetring av ungdomslokalet i Soknehuset.

#### **Dokument i saka:**

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd – rekneskap 2018

#### **Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:**

1. Fellesrådet gjer vedtak om å godkjenna rekneskapen for 2018 under føresetnad av revisjonen sin godkjenning.
2. Overskot på kr 146004,- vert disponert slik:
  - Scene og fastmontering av lys, lyd og musikkutstyr i ungdomslokalet i Sveio Soknehus; kr. 20.000,-
  - Stabsarrangement; kr 22.000,-
  - Avsetjing til disposisjonsfond; kr 104004,-

#### **Drøfting i Fellesrådet:**

Munnleg orientering frå kyrkjeverje si side.

Fellesrådet har eit ønske om å få sjå nærare på utgifter til konfirmant og ungdomsarbeid, jf. underskot i 2018. Det er viktig å investera midlar i ungdomsarbeidet.

Vedkomande disponering av overskot vart det ytra ønske om nærare opplysningar rundt bruk av midlar til stabsarrangement. Det vart vidare føreslått å auka beløpet som vart sett av til fastmontering av lys mv.

#### **Fellesrådet sitt vedtak:**

1. Fellesrådet gjer vedtak om å godkjenna rekneskapen for 2018 under føresetnad av revisjonen sin godkjenning.
2. Overskot på kr 146004,- vert disponert slik:
  - Scene og fastmontering av lys, lyd og musikkutstyr i ungdomslokalet i Sveio Soknehus; kr. 25.000,-
  - Stabsarrangement; kr 22.000,-
  - Avsetjing til disposisjonsfond; kr 99.004,-



**SVEIO FELLESRÅD      SAKSPAPIR**

| Styre, råd, utval m.m. | Møtedato   | Saksnr           | Sbh. |
|------------------------|------------|------------------|------|
| Fellesrådet            | 05.03.2019 | Fel .    01/2019 | OK   |
| Sbh: Ottar Krakk       | Arkiv:     |                  |      |

**Sak 05/2019 Delegasjonsreglement og økonomireglement**

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt økonomireglement er frå 1997. Delegasjonsreglementet er frå same årstal, men er justert i 2010.

Gjennom 20 år er det gjort enkelte endringar i praksis. Økonomireglementet er derfor ikkje på alle punkter i tråd med dagens praksis. Dette gjeld blant anna korleis me nå fører rekneskap for sokna.

Det er derfor grunnlag for å gå gjennom reglementa og enten revidera dei eller arbeida fram nye reglement.

Reglementa går og dels inn i sokneråda sitt ansvarsområde. I noko grad gjeld det og Sveio Soknehus og Valestrand Kulturkyrkje.

**Vurdering:**

Kyrkjeverja vil tilrå at det vert arbeida fram nye økonomi- og delegasjonsreglement. Det er viktig at reglement og praksis er i samsvar med kvarandre. Nye reglement vert å leggja fram til behandling og vedtak i Fellesrådet. Før behandling i Fellesrådet må sokneråda ha høve til å uttala seg.

**Dokument i saka:**

- Økonomireglement, Vedtatt i Sveio Kyrkjelege Fellesråd sak 17/97
- Delegasjonsreglement, Vedtatt i Sveio Kyrkjelege Fellesråd sak 3/97
- Sak 15/2010 – Revidering av Delegeringsreglement

**Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:**

1. Kyrkjeverja utarbeidar framlegg til nytt økonomi- og delegasjonsreglement.
2. Framlegget vart lagt fram til behandling i Fellesrådet etter at sokneråda har uttalt seg i saka.

**Drøfting i Fellesrådet:**

Viktig å få ein slik gjennomgang. Det er og ønskeleg at organisasjonane får uttala seg nye reglement.

**Fellesrådet sitt vedtak:**

1. Kyrkjeverja utarbeidar framlegg til nytt økonomi- og delegasjonsreglement.
2. Framlegget vart lagt fram til behandling i Fellesrådet etter at sokneråda har uttalt seg i saka.

**SVEIO FELLESRÅD      SAKSPAPIR**

| Styre, råd, utval m.m. | Møtedato   | Saksnr           | Sbh. |
|------------------------|------------|------------------|------|
| Fellesrådet            | 05.03.2019 | Fel .    06/2019 | OK   |
| Sbh: Ottar Krakk       | Arkiv:     |                  |      |

**Sak 06/2019****Ulike personalordningar; telefon, oppmøte, påskønningar, seniorpolitikk, lokal lønspolitikk mv**

Sveio Kyrkjelege Fellesråd er ein liten organisasjon med relativt få tilsette. Tradisjonelt sett har Fellesråda vore nært knytt opp mot kommunen. Slik er det og i Sveio. Fellesrådet har solid støtte i kommunen si løns- og personalavdeling både i form av råd og veiledning samt i forhold til lønsutbetaling.

Sveio kyrkjelege Fellesråd har i mange tilfelle valt å fylgja kommunen sitt regelverk dersom det ikkje er vedtatt egne reglar for fellesrådet. Dette gjeld t.d. ved permisjonssøknadar og påskønningar.

Dei tilsette i Fellesrådet har ulike funksjonar og stillingar. Dei er og blitt tilsett på ulike tidspunkt.

Det er avtaleverk som er gjort på sentralt hald mellom KA og arbeidstakarorganisasjonane. Desse dannar ramma for det me lokalt kan avtale. I tillegg til lokalt avtaleverk vil det og vera individuelle avtalar med kvar enkelt tilsett.

Eit område som det er ulike ordningar på er telefon. Her er det ulike avtalar med den enkelte tilsette. Nokre har telefon dekka gjennom Fellesrådet, andre har ei telefongodtgjersle på ulikt nivå medan andre ikkje har dekning av mobiltelefon.

Det er slik kyrkjevevja ser det og eit visst behov for å gå gjennom andre ordningar som ordningar for arbeidstid og oppmøtestad.

Dei fleste tilsette i Fellesrådet er passert 50 år, nokre og 60. Det vil derfor og vera nyttig å vurdere om Fellesrådet skal leggja meir til rette for seniorane blant dei tilsette.

Det er i hovudtariffavtalen tilrådd at me har ein lokal lønspolitikk formulert i ein lokal plan. I samband med lokale forhandlingar er det med rette tidlegare påpeika at Fellesrådet i Sveio ikkje har nokon lokal lønspolitisk plan.

Dei ulike tema som er nemnd ovanfor er dels under arbeidsgivar si styringsrett, dels tema som må drøftast og/eller avtalast med dei tillitsvalte og dels forhold som må avtalas mellom den enkelte tilsette og arbeidsgivar.

**Kyrkjevevja si vurdering**

Kyrkjevevja vil tilrå at Fellesrådet tek initiativ til ein brei gjennomgang av ulik tematikk innanfor fellesrådet sitt ansvar som arbeidsgivar. Kyrkjevevja vil tilrå at fellesrådet ved kyrkjevevje, leiar og nestleiar tek initiativ til ein dialog med fagorganisasjonane og dei tilsette for å rydde og avklare forhold som nemnt ovanfor.

Proessen bør starta breidt der og dei tilsette og deira organisasjonar vert invitert til å spela inn ulik tematikk. Den bør derfor ikkje vera avgrensa til tema som nemnt ovanfor.

Kyrkjeverja vil tilrå at ein i første omgang inviterer dei tilsette og deira tillitsvalte til å koma med innspel til tema som bør drøftast. Med utgangspunkt i innspel vert det vidareført ein dialog mellom tillitsvalte og fellesrådet, representert ved kyrkjeverje, leiar og nestleiar. Det kan og bli nødvendig med direkte drøfting mellom arbeidsgivar og enkelte av dei tilsette.

Ein slik prosess som omhandlar svært mange tema vil ta noko tid. Eg vil derfor tilrå at me tek sikte på at denne prosessen først er fullført ved utgangen av denne Fellesrådsperioden, 30.11.2019. Det kan visa seg at det og vert behov for meir tid.

#### **Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:**

1. Sveio kyrkjelege Fellesråd tek initiativ til ein brei prosess i forhold til ulike ordningar for tilsette, herunder seniorpolitikk, permisjonsreglement, arbeidstid, ulike tillegg mv.
2. Det skal og utarbeidast ein lokal lønspolitisk plan.
3. Sveio kyrkjelege Fellesråd inviterer dei tilsette og dei tillitsvalte til å koma med innspel til tema som må drøftast.
4. Sveio kyrkjelege Fellesråd gir Leiar og nestleiar fullmakt til å vidareføra arbeidet saman med kyrkjeverje.
5. Det skal fremjast ny sak for Fellesrådet innan 30.11.2019. Denne saka skal utarbeidast med utgangspunkt i drøftingane. Endringar og presiseringar i lokalt regelverk skal gå fram av saka.

#### **Drøfting i Fellesrådet:**

Fellesrådet ser at det er ønskeleg med ein slik gjennomgang.

#### **Fellesrådet sitt vedtak:**

1. Sveio kyrkjelege Fellesråd tek initiativ til ein brei prosess i forhold til ulike ordningar for tilsette, herunder seniorpolitikk, permisjonsreglement, arbeidstid, ulike tillegg mv.
2. Det skal og utarbeidast ein lokal lønspolitisk plan.
3. Sveio kyrkjelege Fellesråd inviterer dei tilsette og dei tillitsvalte til å koma med innspel til tema som må drøftast.
4. Sveio kyrkjelege Fellesråd gir Leiar og nestleiar fullmakt til å vidareføra arbeidet saman med kyrkjeverje.
5. Det skal fremjast ny sak for Fellesrådet innan 30.11.2019. Denne saka skal utarbeidast med utgangspunkt i drøftingane. Endringar og presiseringar i lokalt regelverk skal gå fram av saka.

**SVEIO FELLESRÅD      SAKSPAPIR**

|                        |            |                  |      |
|------------------------|------------|------------------|------|
| Styre, råd, utval m.m. | Møtedato   | Saksnr           | Sbh. |
| Fellesrådet            | 05.03.2019 | Fel .    07/2019 | OK   |
| Sbh: Ottar Krakk       | Arkiv:     |                  |      |

**Sak 07/2019 Måldokument for kyrkja i Sveio**

I 2010 vart det utarbeida eit måldokument for kyrkja i Sveio. Dokumentet vart vedtatt i Partsamansett utval 2.11.2010. Her vart det gitt ein oversikt over ulike tematikk som fellesrådet har ansvar for samt at noko av teksten går på mål for arbeidet vårt. Dessutan vert viktige deler av våre ansvarsområde presentert på ein kortfatta og oversiktleg måte.

Tema som er løfta fram i dokumentet er:

- Gudstenesteliv
- Trusopplæring
- Konfirmentarbeid
- Diakoni
- Kyrkjemusikk
- Valestrand Kulturkyrkje
- Nytt soknehus i Sveio kommune
- Kyrkjebygga
- Kyrkjegardane
- Tilsette
- Frivillige
- Økonomi

Av dokumentet går det fram at ein ønskjer at Fellesråd og Sokneråd skal peika på utfordringar og tiltak som skal møte desse utfordringane. Det er ikkje kjent for kyrkjeverja om det er spelt inn slike utfordringar og tiltak i etterkant av utarbeiding av dette dokumentet. .

Dokumentet legg og opp til at det skal reviderast årleg i samband med behandling av budsjett og økonomiplan.

Dessverre ser me at dokumentet i liten grad har vore tatt fram som eit levande dokument. Samtidig er mange av enkelteleментene i planen absolutt fulgt opp. Slik sett er dei ulike elementa i stor grad følgt opp.

8-9 år etter at dokumentet vart utarbeid er det og skjedd ein del endringar, blant anna er Sveio Soknehus nå realisert samt at ein har fått statlege midlar til trusopplæring.

### **Vurdering**

Kyrkjeverja vurderer det slik at måldokumentet bør reviderast og tas i bruk som ei dokument som både kan gje tilsette og frivillige medarbeidarar ein grei oversikt over det arbeidet som vert utført i kyrkjelydane i Sveio. Særleg kan det vera viktig for nye sokneråd som skal ta fatt på sitt arbeid frå hausten 2019.

Kyrkjeverja vil derfor tilrå at staben utarbeidar eit revidert utkast til måldokument og at dette vert lagt fram for sokneråd og fellesråd for drøfting. Hovudelementa frå dokumentet i 2010 vil me kunne ta med oss over i det nye samtidig som me kan få arbeida inn nye moment og vurdert andre punkter.

### **Dokument i saka**

- «Måldokument for kyrkja i Sveio» , Vedteke 02.11.2010

### **Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:**

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd ber om at «Måldokument for kyrkja i Sveio» vert revidert.
- Sveio Kyrkjelege Fellesråd ber om at utkast vert lagt fram for sokneråda og fellesråd til vidare drøfting.

### **Drøfting i Fellesrådet:**

Viktig at nåverande sokneråd og fellesråd får sluttbehandla denne saka. Fellesrådet ber derfor om at framlegg til dokument vert lagt fram til sokneråda seinast i august.

### **Fellesrådet sitt vedtak:**

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd ber om at «Måldokument for kyrkja i Sveio» vert revidert.
- Sveio Kyrkjelege Fellesråd ber om at utkast vert lagt fram for sokneråda og fellesråd til vidare drøfting innan midten av august 2019.

